

Frode Nummedal
Vilhelm Ravn AS
Almerket 30
Postboks 44
5751 ODDA
post@vilhelm-ravn.no
2. november 2022

Ullensvang kommune
Havnesjef / Teknisk sjef
Opheimsgata 31
5750 ODDA

Behov for å innføre sikringsteneste ved Odda Havn.

Til Odda Havn, inkludert kaiene til Boliden Odda og Tizir, kjem i størrelsesorden 350 båter større enn 60 meter pr år. For å sikre effektiv skiftetid og laste/losse operasjon tas båtene inn til anker i Odda havn, sjølv om kaiene allerede er fulle. Kystverket har utarbeida kart over opptil 3 ankringsposisjoner som kan brukast på samme tid. Tidligere organiserte ein transportteneste av loser/sjuka sjømenn fra/til båtene ved anker med lokale båteigarar, som kunne stå for denne tenesten. Dei siste årene har ein ikkje hatt tilgang på lokale personer med egne båter og ein har heller ikkje funne lag eller organisasjoner som kunne ha stått for denne tenesta. Som løysing har vi fått båtanes mannskap til å bruke fartøyets lettboat/redningsboat til å hente/frakte loser og sjuka sjømenn til land.

Vilhelm Ravn AS har mottatt fleire klager fra Kystverket og deira verneteneste, som kritiserer denne bruken av små båter, uten overbygg og tidvis med motorstopp i havna. Dersom ikkje ein betre transportteneste med godkjente båter settes inn vil ankring i Odda havn bli kraftig redusert eller opphøre og ein vil måtte bruke ventehavner i nærleiken av losstasjonane (ca 10 timers segling fra Odda Havn). Dette vil medføre redusert effektivitet for bedriftane i Odda med omsyn til lasting/lossing av båter ved sine havner, dette vil vere særskadelidande for Boliden sitt GZO prosjektet som vil føre til kraftig auke i skipstrafikken inn til Odda havn dei neste åra, båter med deler til nybygg og i etterkant ein 60-70% auke i råvarer inn og ferdigvarer utgående.


I perioden 2019 – 2021 hadde me som agent årleg behov for om lag 35 sikringsoppdrag (loser + sjuka sjømenn). Med utsteding av havneavgifter til om lag 300 årlige skipsanløp var det i snitt om lag 9 skipsanløp pr sikringsbehov. Ved innføring av ny profesjonell transportteneste kan ein forvente 1 tur til å koste i størrelsesorden 6-7.500 NOK, dette er utifra pris innhenta for liknande tenester rundt Boknfjorden.

I møte med tidlegare havnesjef Torkjell Tolo skisserte me saman eit forslag på at Odda havn innfører eit sikringsgebyr på ca 750,- for alle større båter. Dette beløpet skal gå til å organisere ein transportteneste som kan vere til hjelp for å frakte loser eller andre aktiviteter som medfører behov for sikker transport fra/til eit fartøy til ankers, til dømes sjuketransport. I tillegg vil ein reagere hurtigere med å bestille isbytingsteneste dersom isforhold i Odda havn medfører reduserte muligheter for ankring, slik som vi hadde i havna vinteren 2021. Losoldermennene i Rogaland og Vestland har blitt framvist og bifalt ei slik teneste.

I dag sørger agent Vilhelm Ravn for innkreving av havneavgifter, inkludert renovasjon, fra alle båtanløp til Odda havn til Ullensvang Kommune. Det nye sikringsgebyret kan inngå som ein post i den eksisterande havneavgifta. Vilhelm Ravn AS kan sørge for organisering av denne tenesten og bestilling av transportbåt ved behov, normalt kan eit transportoppdarg fastslås 24 timer før anløp i havna. Tilbydere av fartøy til sikringstenesten må etterfølge krav fra losverket vedrørende spesifikasjoner for mannskap (antall, sertifikater) og fartøy (overbygg, fart, sikringsnett etc).

For å unngå meir problem med mangel på sikringsteneste ber vi med dette at Ullensvang kommune innfører foreslåtte sikringssteneste med avgift på 750,- per skipsanløp så snart råd er. Avgiftspengane skal gå til å innføre ein sikker og godkjent transportmåte fra/til båter ved ankring før ein får ein farleg situasjon ved Odda Havn eller at det innførest store begrensinger i anløpslogistikken til Odda havn.

Venleg helsing



Frode Nummedal

Vilhelm Ravn AS